

Rettleiing til arbeidet med Beitebruksplan

Prosjekt Beitelandskap har som mål å få ei betre utnytting av lokale beiteressurser, og halde oppe eit ope og variert kulturlandskap. Skiping av beitelag og utarbeiding av beitebruksplanar for viktige beiteområde, er ein sentral del av denne målsetjinga.

Målet med beitebruksplanen:

1. Betre nytting av beiteområdet gjennom samarbeid
2. Halde beitelandskapet ope og velskjøtta.

Det viktigaste er at beitebruksplanen har nytte for beitelaga, men også kommunen vil ha nytte av at slike planar vert utarbeidd.

Men kvifor treng vi lage ein slik plan?

Samarbeid – i eit samarbeid er det særleg viktig å klarlegge mål og prioriteringar for skjøtsel og bruk av beiteområda. Ansvarsfordeling og tidsplan må på plass.

Finansiering – ved å lage ein plan for skjøtselstiltak og beitebruk som går mange år framover, vil ein lettare få støtte til gjennomføring av tiltaka, også kombinere ulike tilskotsordningar.

Langsiktighet – ved å dele opp arbeidet med beite- og skogskjøtsel over fleire år, vert det lettare å få gjennomført tiltaka. Bruken av området vert også sikra så lenge beitebruksplanen gjeld.

For kommunen:

Dokumentasjon – beitebruksplanane gir ein solid dokumentasjon over viktige kulturlandskapsområde i kommunen, og aktiviteten i desse. Dette kan nyttast i strategien for kulturlandskapsarbeidet og i høve til andre plansamanhengar som kommuneplan og landbruksplan. Det vert utarbeidd gode kart over beiteområda.

Forutsigbarhet – tiltaksplanane gir kommunen ein oversikt over kva som kan ventast inn av søknader på tilskot. Dette kan vidare nyttast i strategien for kulturlandskapsarbeidet.

Korleis komme i gang?

1. Klarlegge interessa for samarbeid om beitebruk mellom naboane
2. Klarlegge moglege beiteområde
3. Synfaring i aktuelle område saman med representant frå kommunen og gjerne prosjektleiinga, kva treng gjerast? Oftast er det snakk om gjerding og rydding, begynne å tenkje prioriteringar.
4. Formalisering av samarbeid – skiping av beitelag er tilrådd. Sjå eigen rettleiar for stifting av beitelag med nødvendige dokument.
5. Kven er skrivar? Beitelaget kan søkje om støtte til godtgjersle til den/dei som tek på seg dette.
6. Lage beitebruksplan – ta utgangspunkt i dykkar eigen situasjon og lag planen, gjerne så enkel som mogleg. Bruk disposisjonen (sjå under), landbrukskontoret i kommunen og prosjektleiinga til hjelp. Kanskje kan de bruke noko frå Miljøplanen for gardane?
7. Søkje om midlar til tiltaka – mest aktuelt er SMIL (tidlegare STILK) og skogmidlar, alle er forvalta av kommunen frå 2004.
8. Gjennomføre tiltaka – enten gjennom eigen arbeidsinnsats eller leigde arbeidsfolk.

Disposisjon

Prosjektet har utarbeidd ein disposisjon for ein beitebruksplan, basert på erfaringar frå konkrete beiteområde i prosjektet. Disposisjonen kan verke omfattande, men ta utgangspunkt i dykkar eigen situasjon og ta berre med punkta som er relevante i høve til dykkar beiteområde. Det viktigaste er at planen vert laga slik at den vert brukt, dette skjer best ved at beitelaga sjølv utarbeider hovuddelen av planen og dermed får eigarskap til den. Landbrukskontoret i kommunen vert ein sentral samarbeidspart i utarbeidinga av planen. Det kan og vere aktuelt å leige Forsøksringen til å lage planen.

Planen er delt inn i tre delar:

1. Områdebeskrivelse – Denne delen treng ikkje vere omfattande, ta berre med det som de sjølv synes er relevant. Kanskje kan kommunen vere interessert i at denne delen vert meir grundig, då er det og naturleg at kommunen bidrar til utarbeidinga.
2. Bruk av området - den viktigaste delen, men treng ikkje innehalde mange ord. *Tabell 4. Teigstruktur med tiltaksplan* seier det meste, i tillegg må det komme fram korleis beitedyra er tenkt brukt i området.
3. Vedlegg – beitebrukskartet er det mest sentrale her. Bruk 1:5000 kart og tegn inn gjerdegrase og teigar med nummer som korresponderer med tabell 4. Dersom det er ønskeleg kan prosjekt Beitelandskap digitalisere kartet utan vederlag.

Tilskot

Beitelaget kan søke om tilskot til å dekke utgifter som har gått med til å organisere beitelaget og utarbeide beitebruksplanen. Vi reknar ein sats på 150 kr per time, og kan løyve inntil 10 000 kr per beitelag for utarbeidd beitebruksplan. Beitebruksplanen er kvalitetssikringa av arbeidet i beitelaga. For å få tilskot stiller vi følgjande vilkår:

- Samarbeidsform må gå fram av planen, effekten på landskapet av dette samarbeidet vert vektlagt
- Planen må ha eit element av endring i høve til før
- Det må gå fram av planen at det har vore ein brei prosess der alle grunneigarar/brukarar har teke del
- Alle som er omfatta av beitebruksplanen må skrive under på planen
- Deltakarane er forplikta til å vere med i samarbeidet i 10 år frå planen er vedteken.

Eit par gode råd:

- Tenk enkelt og at planen skal vere til nytte.
- Tenk høgt saman både ute i marka og kring kartet på skrivebordet.
- Ikkje nøl med å ta kontakt med kommunen og prosjektleiinga dersom de har spørsmål.
- Ha det kjekt saman!

Lykke til!